




Nasjonalbibliotek
Depotbiblioteket

Espen 95



Dei reisande

Dei kalla seg sjølv «reisande», styresmaktene kalla dei «omstreifarar», og meinte med det små folkegrupper, som ikkje hadde fast bustad eller arbeid, og som reiste frå bygd til bygd, ofte i konflikt med lovene i landet. Men kjært barn har mange namn, heiter det. På Austlandet heitte dei oftast *tater*, som kjem av folkenamnet tatar, men dei vart også kalla *fark og fuss, slask og slusk*.

På Sørlandet bar dei oftast *fant*namnet, som kjem frå eit gamalnorsk ord som tyder «å gå til fots». På Vestlandet var *splint* (same ordet som i tresplint) det vanlege. Andre namn var *kjeltring* og *slaur*. Alle namna vart brukt nedsetjande. Dei snakka om *taterpakk* og å vere på *fantestien*, ingen av delane var mykje å skryte av, og om strilen riktig ville leggja seg ut med bergensarane, så var *bysplint* rette kalleordet. Splintefolket er av ukjent opphav. Vi veit at på 1100-talet var store flokkar

på vandring i Europa, tiggjarar, valdsmenn, heimlause og fredlause. Også i vårt land fanst det folk som vart dømde frå heimbygda til eit omflakkande liv. Alt på Magnus Lagabøters tid var det lovforbod mot å husa slike eller gje dei skyss over elvar og fjordar. Folk flest syntest synd på dei og hjelpte dei i det stille slik at dei ikkje fraus og svalt.

På 1600-talet veit vi at det kom nye grupper ut på

landevegen som eit resultat av 30-årskrigen, soldatar utan heim, bufaste som hadde mist gard og grunn, foreldreause ungar. Dei slo seg saman i flokkar og spreidde seg over heile Europa. Dei kom også til oss og slo seg saman med dei norske omstreifarane. Den første tida vart det stor strid mellom gruppene. Omstreifarane kunne sjølv fortelja frå «gamle dagar» om slåsting mellom dei norske omstreifarane og dei nye, «skøyarane», som

underordna, kanskje for di dei ikkje var kristne nok. Eilert Sundt, som elles var ein mild mann, skriv på midten 1800-talet at «fanterne mest ere sammenblandede i et characterløst, vederstyggeligt pak, som, selv i sit inbyrdes forhold uden følelse for ære og skam, har overgivet sig til dyrisk råhed, uterlighed og ryggesløshed, der ingen grenser kjender».

Dette er sjølv sagt ikkje sant, og det var ikkje slik



Splintfamilie i gravferda til Vesle Johanne Wilhelmine Grøn på Sandane 1932. Frå «Sogn og Fjordane i nær fortid», Oslo 1986.

dei vart kalla.

Men etter kvart smelta dei to gruppene saman. Mykje av folkemedisinen vår kjem frå omstreifarane, som også hadde teke i arv indisk lækjekunst frå europeiske systre. Styresmaktene gav eit heilt igjennom negativt bilete av desse menneska, kanskje fordi dei ikkje ville la seg

bygdefolk såg dei heller. På mange gardar var dei velkomne og same splintefølget kunne koma år etter år tilbake til same garden. Kvart følgje kunne ha sin gard der dei fekk losji og der matmor kunne ha omsut for dei. Stakkars folk som måtte fara slik for levemåten! Men andre var redde for dei framande, som var mørke av utsjånad, hadde

andre klesvanar og tala eit mål som berre dei sjølve skjøna.

Var der ei ung kone som var åleine heime, kunne ho nok vera brydd når det kom eit heilt følge som tagg etter både dette og hint. Å tigga var ein viktig del av deira levemåte, og det hende nok at dei stal frå ukjende. Likevel kan ein ikkje seia at dei var kriminelle, slik styresmaktene ville ha det til, og det

Kanskje er dette «utvikling», men det har også gjort bygdelivet meir grått og innhaldslaut.

Heile Europa over gav styresmaktene lover og føreseger mot dei vandrane gruppene, som levde utanfor samfunnet. I Danmark kom i 1589 eit ope brev frå Christian III som sa at «tatarar, som fer ikring og svindlar folk med bedrageri, løgn, steling og trolldom, skal kvar dei finst setjast fast. -- alt

dei har, skal ein ta frå dei, leiarane skal straffast på livet og dei hine jagast or landet». Dette kom også inn i norsk lov i 1683, og politiforskriftene for Bergen i 1701 inneheld t.d. det same trugsmålet om dødsstraff. Så gale gjekk det sjeldan at omstreifarane vart dødsdømde, men først i 1842 omgjorde kriminallova dødsstraffa til tvangsarbeid. I 1970 vart tvangsarbeids-

ordninga oppheva. Men då var det heller ikkje så mange omstreifarar att, ein rekna med 1000-1200. I 1896 hadde ein oppgåve over nær 4000, og eit femtiår tidlegare må det ha vore fleire gonger så mange. Slik vi kjenner splinten frå det siste hundreåret, levde fleire generasjonar av same familien saman og var med på ferdene, som var mest vanlege i sommarhalvåret. Om vinteren kunne dei leiga seg inn og vera mest som bufaste. Særleg

var dette viktig om ungene skulle få skulegang. Opphaldet var også nødvendig om dei skulle makta å produsera nok varer til sal. Dei kjøpte råstoff i byane. Mennene var særleg kjende som framifrå koppar- og blikkenslagarar. På Vestlandet for dei gjerne i båt frå bygd til bygd. Dei stogga på til dei hadde vore på alle gardane, det kunne ta ei veke eller meir, alt etter kva dei fekk å gjera. Somme av dei var dyktige gjørtlarar og støypte i bronse og tinn. Dei var flinke til å reparera reiskapar, i seinare tid var dei også motorkunnige og kunne stella med alle slag motorar til båt, traktor og bil. Særleg var dei velkomne til å gjera slikt som bøndene ikkje så gjerne gjorde sjølv, kastrera dyr, slakta hestar og slikt som var rekna som «uærleg» arbeid. Kvinnene var særleg kjende som spesialistar i folkeleg lækjekunst, men også i trolldom og spådomskunst. Mang ei bygdejente vart lykkeleg når ho vart spådd å få den ho helst ville ha.



Langt opp i etterkrigstida vart dei "reisande" utsette for grov diskriminering og forfølging. Dei vart lobotomerte, kvinnene vart steriliserte, barna deira vart tatt frå dei og plasserte på barneheimar. Noreg skulle reinsast for uønska "raser". Dette har ei lang forhistorie.

Professor Brynjulf Alver



Foto: Birger Darnesvig

var sjeldan at splint vart blanda opp i alvorlege brotsverk på bygdene. I vår tid er det berre få splint som er på vandring. Velferdssamfunnet med all si tryggleik har lokka dei inn i morsfammen, dei er blitt bufaste, har born som studerer på universitetet og besteforeldre som bur på den lokale pleieheimen. Dei ror ikkje bygdimellom lenger, og det er slutt med å sjå ei splinteskøyte med svarte segl på veg mot brygga.



Brevet til sosialministeren

Året er 1986. Jeg har nettopp fått vite at de reisende som folkegruppe sorterer under sosialdepartementet (gjør samene også det, tro?) og jeg skriver dette brevet til sosialministeren.

En etnisk minoritet i Norge står på terskelen til kulturell utsettelse. et folk som helt siden det kom til landet vårt på 1500-tallet har vært utsatt for forfølgelser og overgrep uten sidestykke i norsk historie. På 1700-tallet ble det drevet organisert jakt med gevær på dette folket, og på 1800-tallet ble det opprettet spesielle tvangsarbeidshus, og barn ble tatt fra mødrene under trusselen om at de ellers ville dø udøpt. Fængselslegen J. Scharffenberg foreslo i 1930 tvungen sterilisering av folkegruppen, slik sterilisering fant også delvis sted på en "skole" som ble opprettet i 1908, hvor de skulle "lære å bli fastboende". På denne skolen hadde de forøvrig forbud mot å snakke sitt eget språk, romani.

Denne minoriteten, taterne eller de reisende, som man antar teller mellom 3 - 5000 mennesker, har norske myndigheter i dag valgt å tie i hjel. Og selv går de stille i dørene og fremmer ingen krav; etter århundrer med undertrykking og diskriminering ønsker mange av dem bare å glemme sin etniske tilhørighet og bli mest mulig ubemerket inn i samfunnet. De enkeltpersonene som er stolte av sin bakgrunn og prøver å gjøre noe for folket sitt oppdager at de stanger hodet mot veggen. Oppmuntret av bl.a. generalsekretær Vist i daværende Norsk misjon blant hjemløse og sosialantropologen E. M. Marvik, som arbeidet med en hovedoppgave om de reisende, sendte en representant for dette folket i 1981 et brev til sosialdepartementet. I dette brevet kommer han med forslag om hvordan myndighetene kan sette i verk tiltak som kan redde deler av den døende romanikulturen. Et av forslagene var opprettelsen av en skole av en annen art enn den foran nevnte, et sted der de reisende kunne få ny innføring i sine gamle håndverkstradisjoner og lære sin egen historie og sitt eget språk å kjenne.

Til dags dato har han ikke fått noe svar på dette brevet. Kanskje brevet er blitt videreendt kulturdepartementet som burde vært en mer relevant institusjon å henvende seg til, men så spørres det om noe departement oppfatter disse ca. 5000 menneskene i Norge som forvaltere av en kultur som det er bryet verdt å redde. Ordet "tater" eller "omstreifer" er belastede ord som i pressen ofte har vært i bruk i forbindelse med ulike former for kriminalitet. De positive sidene ved kulturen har vært lite belyst, og at dette folket har frembragt noen av Norges mest populære og begavede kunstnere er det mange som ikke er klar over; siden de fleste av disse har vært lite belyst, og at dette folket har frembragt noen av Norges mest populære og begavede kunstnere er det mange som ikke er klar for taternes del er de blodigste raseforfølgelsene over, men diskrimineringen av dem er på ingen måte slutt. § 7 i den snart 88 år gamle løsgjengerloven gir f. eks. fremdeles politiet rett til å hjemsende eller ta i fengslig forvaring "omstreifer" som i løpet av de siste 5 år er blitt anvist bolig av det offentlige og som "uten påviselig arlig erverv" befinner seg utenfor bostedskommunen.

I vår tid hvor vi snakker høyt og varmt om hvordan fremmede kulturer kan være med på å berike oss og gi oss nye kunnskaper er dette en uverdig situasjon. En etnisk minoritet som kom til Norge på 1500-tallet og som har overlevd gjentatte forsøk på utsettelse står nå i ferd med å forsvinne, med å bli "assimilert" vekk fra kartet. Men vi pnyer et håp. Det hender at flyktninger fra forskjellige deler av verden får svar på sine henvendelser til den norske stat etter bare ett eller to år.


Så kanskje et folk som har bodd her i snart 500 år også blir verdt et svar?


I dag er det 1995.

Brevet er fremdeles ubesvart.

Britt Karin Larsen

Utdrag fra «En gang var vi som vinden», Gyldendal 1991





ÅSE FANTEMOR

Åse fantemor sat sessa oppved klokkaen sitt bord,
og drakk kaffi medan klokkaen skjenkte.
Uppi trynet var ho svart som Guds hellige jord,
og so koparkjelen kjakane blenkte.
Og den tannlause munnen som ei kaffikvern gjekk,
han var diger med eit skurvete sår på,
og på nasa, der ein dinglande nasedrope hekk,
sat ei vorte med kvitkrulla hår på.

Og Åse fantemor la i seg som ho likaste vann,
og mol uppatt den-der utgamle lekse
Um dei borna ho laut dragast med, han Carl Johan,
og ho Sara, den forbannade kreksa,
dei som aldri tok formaning eller kristeleg tukt,
um ho trekste dei med staur og stenger,
og som stelte seg so vanskap, at no rapa det vel lukt
inn i heitaste med baae tvo, ja lenger.


Det var mest som det var utgjort med han Carl Johan,
for ilag med eit par utkropne fantar
slo han helselaus ein fredeleg og farande mann,
og tok tå honom ei vøle med kontantar.
Men fekk mor hans noko studnad då han tura og vart rik?
Neigu såg eg kje so pass som ei krone!
Men no sat han som ein slave innpå fengelet i Vik,
og drakk vatn og togg stomp for å sone.

Og ho Sara var ei kreksa for Vårherre, som sagt,
og alt arbeid liksom peste ho hata.
Difor siglde ho til Bergen på ei bomsiglarjakt,
og slo pengar der um nøtene på gata.
Ho stod i det som ei herrefru med dundrande kalas,
so når dagen rann låg allting i ei røre.
Men dei pengane ho tente gjekk til brennevin og stas,
so ho som mora såg aldri eit øre.

Og Åse fantemor for borna sine gret ein liten skvett,
slik at tårone dei trilla etter nosa.
Sidan strauk ho seg på magen sin og sa at ho var mett,
og so rapa ho og snytte seg i dosa.
Og då dette vart gjort undan tok ho pipa si fram
og fekk karve seg ei skrå på bakstebotten.
Men ho mulla då ho kveikte at ein drusteleg dram
hadde jagu vore helsesam for skrotten.

Jakob Sande





Gjest:

Toralv Maurstad (68)

Mannen som sit framfor meg er frilansskodespelar, debuterte i Trondheim for 46 år sidan og ser irriterande ungdommeleg ut trass i at han som mediafigur er på alder med Metusalem og Sjuande far i huset. Han er av dei som alltid har vore der. Sjølvsgagt fordi han tilhøyrrer eit skodespelardynasti som har sett tydelege spor etter seg i norsk teater, men òg fordi han sjølv har vist att som allsidig skodespelar, som teatersjef både i gode og vonde dagar og som iscenesetjar.

Det er 34 år sidan han sist spelte på DNT, «Lang dags ferd mot natt», det legendariske familiemøtet i O'Neills familiedrama. (Mor, far og son Maurstad)

- Sier du det, er det så lenge siden...

Ein blir litt i tvil om det bit nynorsk på denne mannen frå Holmenkollåsen, sjølv om det kling fanitullar av namnet og han på scenen er språkleg så langt inne i den nordfjordske farsarven at det er så vidt han klarer å ta seg att privat. Men Det Norske Teatret høyrer mest til morsarven.

- Eg hugsar så vidt attende til Bøndernes Hus, (1913-1941) scenen låg høgt, og golvet var flatt. Det er mest mor eg hugsar derifrå. Eg var innom og fekk ein tørring og småpengar av dei eldre, det var jo Lydia (Opøien), og Ragnhild Hald og Tvinde...og alle dei som var der nede.

«Lang dags ferd mot natt» er jo blitt ståande som ei av dei store framsyningane her på teatret..

- Eg hugsar jo at det vart svært godt mottatt. Men akkurat kva som var kva ...Det er jo eit godt stykke også da. Det er eit av dei stykka ein kallar «acting proof», det må bli suksess berre det er nokonlunde bra skodespelarar. Men det er klart at med ein teaterfamilie i rollene som teaterfamilie så vart det litt spesielt. Det var nok på mange måtar ei ideell rolleliste, med far min som den irske småbonden – som hadde slått seg opp og blitt populær. Det var jo på ein måte identisk med fars liv. Eg hugsar ei scene der han, som rollefigur, fortel om mor si som hadde vaska tøy for femti øre i helga. Og eg hugsar han fortalde at bestemor mi gjekk frå Bryggja til Åheim for å vaske tøy. Og far kunne ikkje snakke om mor si og om korleis ho sleit, utan å bli fuktig i auga. Han hadde aldri sett henne sove, ho la seg sist og var oppe først osv. Og dette tok han sjølvsgagt med seg inn i rolla. Mor kom frå den andre sida, var nærmast av embetsmannsslekt, så når ho sat der i stykket og spelte piano, så stemte det òg godt med hennar bakgrunn.

Det er spesielt ein ting eg hugsar; eg spelte den tuberkuløse sonen som faren ikkje ville koste sanatorium på. Og så sit han der og legg ut for sonen om kor dårleg han hadde hatt det. Det var om sommaren, dette, og han hadde ikkje spelt teater på nokre veker, så han spelar seg opp når han fortel for sonen, og sonen blir fascinert når faren legg ut om si fattige fortid. Men far min tenkte heilt sikkert attende på beste-mor, altså mora si, og vart skikkeleg sentimental og sat og grein. Da hugsar eg at eg tuppa han på leggen under bordet for å gi han eit hint om at no gjekk det langt over streken.

Og no får du på ein måte ein tupp attende, no er det din tur å spela fant.

- Njaaaa, det er dessverre ikkje så mykje eg kan bruke, for far spelte guttungen, den viltre sonen. Det var Tvinde som spelte patriarken i «Fant» ..«Ærfulstek er godt...», veit du. Dei raske kasta, glimtet i auga, gøyen og skøyen, som også ligg meg nær, får eg ikkje brukt som patriark i «Splint». Men det er moro å tenkje på at mor mi sa til far av og til at han var av tater. For i slekta til far var det eit ope hol på morsida, bestemor kom frå Helgelandskysten, og dette brukte mor av og til. For han hadde nokre farlege kast i seg far somOg så er det vel kanskje noko i skodespelar-temperamentet, det å ikkje ville gro heilt fast i det borgarlege, som kan minne litt om splinten.

Kva er det du har ugjort i norsk teater, synest du? Kva er det du har mest lyst til?

- Eg trur eg har mest lyst å spille. Det er jo moro å setje i scene, også. Skilnaden er at når du set i scene så blir du snillare inni deg, synest eg, du gir alt det du har til andre for at dei skal bli bra. Og det er ei glede å gi frå seg alt ein har samla opp av erfaring. Men når du spelar sjølv, så er du nøydd å øve opp egosentrisiteten, framheva eigenverdien, du konsentrerer deg om det du sjølv skal gjera på scenen, det blir jeg, jeg, jeg. Dette er to ytterpunkt, og det er jo fint å veksle, men nett no har eg mest lyst å spille litt.

Kva da?

-Det kan vel bli mykje det same. Men når eg ser attende på roller, så trur eg nok at fantasirellene

som ikkje er for fast definerte av realisme eller verkelegheit, kanskje har vore dei morosamaste å spelle, som Puck i Midtsommarnattsdraumen (Shakespeare) og slike vesen. Men det er moro å spelle uansett. Og det er fint at det er to masker på teatret.


No er jo du endeleg i den alderen at du kan sjå deg om etter eldremansroller, er det noko der du siklar etter?

- Det har eg aldri gjort, men det er eit par roller eg er lei for at eg ikkje har spelt, som Hjalmar Ekdal for eksempel, eller Solness, ...det er ein del Ibsenroller, ...som eg nok kunne ha gjort, men sjefsyrke eller tilfeldige ting gjorde at det ikkje passa. Eg føler ikkje nokon trong til å måtte spele Kong Lear eller dei rollene der. Men det er ein del Ibsenroller som eg gjerne skulle prøvd meg på, og som det kanskje trengst litt alder og litt erfaring for å spele.... men det går vel fleire tog.

Ola E. Bø



Familien Maurstad i Lang dags ferd mot natt på det Norske Teatret i 1961.



Alfred Maurstad spelte hovudrolla i «Fant», etter Gabriel Scotts roman, filmatisert i 1937.

Splint!

av Norvald Tveit

Regi

BARTHOLD HALLE

Scenografi

CHRISTIAN EGEMAR

Inspisient

LEIV NYBØ

Teknisk produsent

TOM JUST JOHANSSON

Lys

TERJE WOLMER

Lyd

MENY BLOCH

Maske

MARIT FRAMSTAD

Rekvisitør

PÅL BRANTZEG

Sufflør

ANNE FLADMOE

Scenekoordinator

ERLEND STAMNES/TOM E. LARSEN

Première på Hovudscenen 21. april 1995

Lars Bøvik

Gurine, tanta til Lars

Paulus Alexander

Anna, kona hans

Hilda

Mona

Paula

Alexander

Hannibal

Carl Johan, svigerson

Oneida, svigerdotter

Presten

Lensmannen

Lensmannsbetjenten

Ludvig, bonde

Lærer Staurstø

JON EIKEMO

JORUNN KJELLSBY

TORALV MAURSTAD

BAB CHRISTENSEN

MARIT KOLBRÆK

IREN REPPEN

ELISABETH MATHESON

BERNHARD ARNØ

ARE RØDSAND

TORGEIR FONNLID

INGUNN ØYEN


SVEIN ERIK BRODAL



RAGNAR DYRESEN

ARE STORSTEIN

MAGNE LINDHOLM

HARALD HEIDE-STEEN JR.





Umake splintepar mot sølvbryllaup

- Det er ein ting med Norvald, han har ei bra blanding av sans for dei vanlege realitetar og ei opning for det som er teaterrealitetar, han skjønar kva som er praktisk.

- Mine læremeistrar i å skrive for teater, mest Barthold og Toralv, har fått prenta inn i meg at tekst er eitt og det publikum ser på scenen noko anna. For å få eit godt resultat må ein vere villig til å stryke.

Dei er rørende einige om så mykje, Barthold Halle og Norvald Tveit, instruktøren og forfattaren, den kunnskapsrike teatermannen og vestlandsfaunen med skrivekløe. Eit umake par som på attande året etter at Barthold Halle sette opp «Splint» på Oslo Nye første gongen, er i gang att med same leksa på Det Norske.

- Gode teaterstykke blir betre med åra, dårlege blir dårlegare av lagring, slår Barthold Halle fast.


Frå tid til anna dukkar forfattar Tveit opp i Oslo under prøvene. Han heng med på det som skjer, men påstår han ikkje fortener tittelen inspektør. Dei hevdar jamvel at mannen er i stand til å stryke i eigen tekst. Forklaringa ligg i eit visdomsord frå Toralv Maurstad - «det blir ikkje drama av at to står på scenen og er einige med kvarandre». Her ligg eit djupt konsensus mellom skrivande og instruktør - visse ting i teatret skal ikkje forklarast med ord, det skal rett og slett skje på scenen, i spelet. Replikane kan vere så fyndige som dei vil, innrømmer Tveit, det blir ingen dramatikkk av folk som står rett opp og ned.

Det einaste som gjer Norvald Tveit uroleg i sjela

og gjev han lyst og sinne nok til å gripe inn, er når folk og miljø som Oslo-folk ikkje har så mykje kjennskap til, blir skildra på eit måte dette miljøet umogeleg sjølv kunne ha prestert. Han er rask med å leggje til at Barthold Halle har anar i Jakob Sandes Dale, utanfor mistanke, med andre ord.

- Innlevingsevna må ein ha uansett, korrigerer Halle.

- Og det må liggje noko i stoffet, sufflerer Tveit.



Dei har hatt tid til å tenkje på begge delar. Historia bak «Splint» involverer i høgste grad begge to, medspelarar var Toralv Maurstad og Jon Eikemo, som i dag altså står på scenen saman.

Den gongen for svært lenge sidan spelte Jon Eikemo på Den Nationale Scene. Toralv Maurstad var i Bergen eit ærend, og rakk mellom anna å hyre den same Eikemo til Oslo Nye. Toralv Maurstad var på jakt etter eit manus å spele med og mot Jon

Eikemo, og det var då festdeltakar Tveit kunne by på «Splint», som den gongen var ein synopsis og ein første scene. Ingen var i tvil, Maurstad skulle spele Paulus og Eikemo den rolla han har i dag. Så vart Barthold Halle involvert, med råd og dåd skulle han gjere dette materialet spelbart saman med Norvald Tveit. Det vart det, einaste endringa var at Toralv Maurstad ikkje kunne ta Paulus-rolla, Espen Skjønberg kapra den i staden. Men i 1995

skjer det altså - originalbesetninga kan ta plass, instruktøren er den same, forfattaren er der og ser til at alt går rett føre seg. Suksessen i 1977 hugsar dei som vil, og nå er det vel berre å padle i land den neste?

Ikkje fullt så enkelt.

Ein ting er at stykket har levd sitt eige liv opp gjennom åra. Det har hatt sin musikalversjon og sine utbyggingar og strykingar. Men først og fremst

er det dette med nye rolleinnehavarar, nye konstallasjonar mellom folk, mellom folk og tekst og mellom skodespelarar og regissør.

Tveit er imponert over instruktør Halle.

- Han er open for forslag, han tillet skodespelarane å vere medskapande, dermed har han også opna for ein enorm ressurs. Ein autoritær regissør ville ha gått glipp av denne, slår Tveit fast.

Forfattere er raus med godorda.

- Det er eit eller anna mystisk med desse ringrevane. Det kan verke så håplaut det berre vil - så er det berre på plass. Barthold er ein mann som kan sitt handverk, ein mann med nødvendig rutine og kolossal kunnskap.

Halle har på si side klart for seg at teksten fortel mykje, at han har avgrensa spelerom i så måte, og strekar under at det er hans arbeidsform å kome med forslag, heller enn å seie at slik er det - amen.

Sjølvsagt må det vere slik, meiner han, at instruktøren kjem til innstuderinga med ei forestilling om korleis dette skal bli. Men, strekar han under, med ei god rollebesetning blir det alltid noko meir, noko anna.


- Faren ligg i at du set opp noko som skal likne på det biletet du hadde på førehand. Du må skjønne det når det skjer noko som er betre.



Slik sett meiner dei at dei har kontroll. Ein grei målestokk skulle det vere at den svært erfarne splint Eikemo på ingen måte ser ut til å kjede seg undervegs, og det trass i at hans paradescenar også må fornye seg.


Og sommarfuglfarmen er på plass i dei to.

- Det skal swinge i forhold til publikum. Det er ikkje gitt at det gjer. Men vi har godt håp.

Asgeir Olden








Splint pluss Jon er sant




Urpremièren var på Oslo Nye Teater i 1977.
Her vart det spelt nærare 70 framsyningar
for meir enn 50 000 menneske- og sjølvsgatt
med ein ung Jon Eikemo som Lars Bøvik.



Skodespelet i naustet med Aud Schönemann som kona og Espen Skjønberg
som splintefar Paulus Alexander.

Drøftingane om giftarmålet gjekk mellom Hallvar Lydvo (Carl Johan),
Espen Skjønberg (Paulus) og Kjersti Døvigen (Paula)





På Sogn og Fjordane Teater sette Jon Eikemo i scene, og spelte Lars på turné med Teaterbåten Innvik. Det vart heile 83 teaterkveldar ombord for meir enn 16 000 publikummarar i 1982/83. Magnus Tveit spelte Paulus, Mari Bjørgan Paula og Gerald Pettersen den skulande Carl Johan.






På Den Nationale Scene i Bergen vart Splint til musikal, med musikk av Henning Sommerro våren 1989.


Helge Jordal sette fart i Paulus Alexander, og det vart ein stor suksess med heile 102 framsyningar og nærare 45 000 tilskodarar.











PREMIÈRAR FRAMOVER

HOVUDSCENEN

Première 14. september

KIRSEBÆRHAGEN

av Anton Tsjekhov

Première 21. september

DET E HARDT Å VÆRE MAINN

av Iren Reppen

Première 13. oktober

TROLLMANNEN FRÅ OZ

av Frank Baum

Première 25. november

EIN FOLKEFIENDE

av Henrik Ibsen

SCENE 2

Urpremière 20. april

EVANGELIET ETTER MARKUS

fortald av Svein Tindberg

Urpremière 1. juni

«VEIEN TIL HIMLEN»

av Lars Øyno

Première 8. september

BLEIKEPLASSEN

av Tarjei Vesaas

PRØVEALEN

Noregspremière 28. april

REISE I MØRKE

av Len Jenkin

Med atterhald om endringar.



Depotbiblioteket



95sd 26 260

det norske teatret